



Magne Vikane Bjelland frå Sunde har ein sentral rolle i beite-organiseringa

Mange har deltatt i samlinga og vi har fått mykje sau ned frå fjellet sjølv om veret var blitt rufsete laurdag. Idag var det til gjengjeld strålande.

Slik summerte leiar i Bjørnebøle beitelag Magne Vikane Bjelland frå Sunde opp den første av 3 helger med sauesamling i Blådalen i ettermiddag. Fleire uskedelinger har hatt sauen sin der inne også denne sommaren og det har vore ein fin beitesommar sjølv om våren var litt sein, Beitet er forresten framleis brukbart.

Olav Hjetland Bringedal er ein av dei frå vår bygd som har hatt sau her i naturvakre omgjevnader under Fonna og andre er Hallvard Døssland, Ståle Eik og Kurt Eivind Miljeteig. Olav veit at han har mista dyr, men han vei førebels ikkje kor mange, det gjeld av dei 220 han slapp i området.

Den einaste konkrete tapet vi høyrer om er ein sau som har drukna i eit vatn. Heldigvis er det ikkje registrert rovdyrskader på desse kantane i år heller.

Samlinga er noko av ein høgtidsdag og mange - også uskedelinger - har vore innover i helga og gjeve ei hjelpande hand,

Også Fatland har stilt opp med transportbil og teke dyr direkte frå fjellet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Unge og eldre sauesamlarar frå fleire deler av kommunen har rast ved Brandvik-kvia. Også Uskedalen er med